

Ordførar Synnøve Solbakken kunne ikkje møte og difor er det uskedeling og formannskapsmedlem for Venstre Kjell Yri som representerar styret i Folgefonna Nasjonalpark under 50-årsfeiringa av Rondane Nasjonalpark denne helga.

Rondane var den første nasjonalparken som vart oppretta her i landet og fjellpartiet har vorte eit populært eldorado for fjellvandrarar.

Statsråd Bård Vegar Solhjell (SV) toppar deltakarlista under markeringa på Otta og ved grensa til nasjonalparken på Spranget.



Kjell Yri er med og feirar Rondane

Han skal halda eit foredrag om Rondane dei neste 200 år og kjem naturleg nok med synspunkt på korleis naturverdiene bør handsamast i framtida her i landet.. I dag har overgangen til lokal styring av nasjonalparkane vore eit mykje omtala emne.

Rondane vart verna av fleire grunnar, men framfor alt av omsyn til villreinstammen i området. Også historia var eit sterkt argument, her er det mange fangstanlegg og fangstgraver samt spor etter buplasser datert heilt attende til steinalderen.

Det vakre og sentrale fjellpartiet i seg sjølv er også eit attraktivt mål med 10 toppar over 2000 meter og 2178 meter som den høgaste. Det er Rondeslottet.

Mange har latt seg inspirera av Rondane også til skriftlege skildringar, ikkje minst Aasmund Olavsson Vinje.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen